

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
Dato: 04.05.2015
Tidspunkt: 10:00 – 13.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Torill Vebenstad	Leiar	A
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Lars Erik Dalland	Nestleiar	H
Randi Stang Volden	Medlem	H
Elisabeth Næverlid Sævik	Medlem	KRF

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann, sak PS 28/15
Nils Egil Vetlesand	Fung. fylkesdirektør økonomi, sak PS 28/15 - 29/15
Helge-Roald Johnsen	Partner, Deloitte
Espen Hordvik	Rekneskapsrevisor, Deloitte
Birte Bjørkelo	Forvaltningsrevisor Deloitte
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Sekretariat for kontrollutvalet
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Sekretariat for kontrollutvalet

Torill Vebenstad
utvalseiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 26/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 27/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 28/15	Årsrekneskap 2014 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet	2014/10498	
PS 29/15	Rutinar for tilrettelegging av attestasjonar	2014/10498	
PS 30/15	Forvaltningsrevisjon av NDLA - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/2073	
PS 31/15	Forvaltningsrevisjon av "Rusførebyggjande arbeid" - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/24576	
PS 32/15	Forvaltningsrevisjon av "Drift og vedlikehald av fylkesvegar" - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/24577	
PS 33/15	Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/943	
PS 34/15	Politisk organisering i Hordaland fylkeskommune - Val av nytt kontrollutval hausten 2015	2014/10506	
PS 35/15	Gjestekustnadbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune - Henvending frå fylkesutvalet	2015/4288	
PS 36/15	Rekneskapsresultat hittil i 2015 for kontrollutvalet	2014/10498	
PS 37/15	Gjennomgang av møteprotokollar	2014/10500	
PS 38/15	Referatsaker		
RS 35/15	Strategisk Næringsplan for Bergensregionen - Første gangs behandling	2015/2100	
RS 36/15	Eigarskapsmelding 2015 - forenkla melding	2014/10543	
RS 37/15	Rekneskapsrapport pr. februar 2015	2014/14001	
RS 38/15	Rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune - ny handsaming	2014/19488	
RS 39/15	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr april	2014/1527	
RS 40/15	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr april 2015	2014/356	
RS 41/15	Førebudd på framtida - status	2014/12398	
RS 42/15	Skatt mars 2015	2014/10507	
PS 39/15	Eventuelt		

PS 26/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 27/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Vedtak

Møtebok frå forrige møte vart samrøystes vedteke.

PS 28/15 Årsrekneskap 2014 for Hordaland fylkeskommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 21.9.2015 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2014 nr. 13 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2014.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal og fung. fylkesdirektør Økonomi, Nils Egil Vetlesand presenterte årsrekneskapen for 2014 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner Helge-Roald Johnsen og rekneskapsrevisor Espen Hordvik kom med supplerande informasjon i høve revisjonen som er føreteke og presenterte revisjonsrapport 2014.

På bakgrunn av det som kom fram skal Deloitte i møte 21.9.15 orientere kontrollutvalet om status for revisjon av det elektroniske innkjøpssystemet Qlik View.

Møtet vart lukka under delar av orienteringa frå Deloitte med heimel i kommunelova § 31.3.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen kome i møte i utvalet 21.9.2015 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport 2014 nr. 13 frå Deloitte.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte i det same møtet orientere kontrollutvalet om status for revisjon av det elektroniske innkjøpssystemet Qlik View.
3. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2014.

PS 29/15 Rutinar for tilrettelegging av attestasjonar

Forslag til vedtak

Deloitte skal syta for at arbeidet med rutinar for tilrettelegging av attestasjonar skal vera ferdig innan.....

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Rekneskapsrevisor Espen Hordvik frå Deloitte gjorde greie for kor langt dei er komne i prosessen med rutinar for tilrettelegging av attestasjonar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Deloitte held på å utarbeide eit oversyn over typar attestasjonar og krav til dokumentasjon på dei enkelte områder. Dette arbeidet skal vera ferdig til neste møte i kontrollutvalet og leverast skriftleg til sekretariatet innan 8.6.15.

I samråd med fung. fylkesdirektør Økokonomi, Nils Egil Vetlesand, skal administrasjonen i Hordaland fylkeskommune for sin del vera ferdig med deira del av arbeidet, slik at det kan presenterast i møte i kontrollutvalet 21.9.15.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Deloitte skal syta for at arbeidet med rutinar for tilrettelegging av attestasjonar er ferdig innan neste møte i kontrollutvalet, med frist for levering av skriftleg sakstfang til sekretariatet 8.6.15.
2. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune skal for sin del vera ferdig med deira del av arbeidet, slik at det kan presenterast i møte i kontrollutvalet 21.9.15.

PS 30/15 Forvaltningsrevisjon av NDLA - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon av NDLA og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Frist for levering av revisjonsrapport vert å komme tilbake til i neste møte.

På bakgrunn av dette vart det gjort slik samrøystes vedtak.

Vedtak

1. Frist for levering av revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon av NDLA vert å komme tilbake til i neste møte i kontrollutvalet.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

PS 31/15 Forvaltningsrevisjon av "Rusførebyggande arbeid" - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon innan rusførebyggande arbeid og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Her har Deloitte hittil hatt problem med å få tilsendt ønskt dokumentasjon frå Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av dette vert levering av denne forvaltningsrevisjonen forseinka. Ny frist vert å komme tilbake til i neste møte.

På bakgrunn av dette vart det gjort slik samrøystes vedtak.

Vedtak

1. Ny frist for levering av revisjonsrapport for forvaltningsrevisjon innan rusførebyggande arbeid vert å komme tilbake til i neste møte i kontrollutvalet.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

PS 32/15 Forvaltningsrevisjon av "Drift og vedlikehald av fylkesvegar" - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon innan drift og vedlikehald av fylkesvegar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Frist for levering av revisjonsrapport vert sett til 10.8.15.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 10.8.15 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering

PS 33/15 Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med selskapskontroll av Storeholmen VTA AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Deloitte har framleis ikkje motteke dokumentasjon frå Storeholmen VTA AS (no Hardanger AKS AS).

Frist for levering av revisjonsrapport vert å komme tilbake til i neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

3. Frist for levering av revisjonsrapport for selskapskontroll av Storeholmen VTA AS (no Hardanger AKS AS) vert å komme tilbake til i neste møte i kontrollutvalet.
4. Informasjonen vart elles teken til orientering

PS 34/15 Politisk organisering i Hordaland fylkeskommune - Val av nytt kontrollutval hausten 2015

Forslag til innstilling

Varamedlemmer til kontrollutvalet skal frå neste valperiode veljast i rekkjefølgje i tråd med kommunelova § 38a Avtaleval.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Varamedlemmer til kontrollutvalet skal frå neste valperiode veljast i rekkjefølgje i tråd med kommunelova § 38a Avtaleval.

PS 35/15 Gjestekustnadbustader og -ordningar knytt til Hordaland fylkeskommune - Henvending frå fylkesutvalet

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Kontrollutvalet ber Deloitte gjera fleire undersøkingar i sak om kunstnarbustad i Covarrubias. På bakgrunn av dette vert dei beden om å leggje fram forslag til ein prosjektplan for det vidare arbeidet til neste møte i kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan for det vidare arbeidet med sak om kunstnarbustad til neste møte i kontrollutvalet, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
2. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 1.6.2015.

PS 36/15 Rekneskapsresultat hittil i 2015 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2015 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Kontrollsjef Hogne Haktorson presenterte rekneskapsresultata hittil i 2015 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2015 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

PS 37/15 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- Fylkesutvalet 26.03. og 23.04.2015
- Kultur- og ressursutvalet 19.03. og 15.04.2015
- Opplærings- og helseutvalet 14.04.2015
- Samferdselsutvalet 15.04.2015

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

PS 38/15 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

RS 35/15 Strategisk Næringsplan for Bergensregionen – Første gangs behandling

Vedtak

Kontrollutvalet registrerer at sak PS 79/15 «Strategisk Næringsplan for Bergensregionen – Første gangs behandling» vart handsama i fylkesutvalet 26.3.15. Med dette seier kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune seg ferdig med selskapskontroll av Business Region Bergen.

Vedtak

Referatsakene vart elles tekne til orientering.

PS 39/15 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Møte saman med kontrollutvala i dei andre fylkeskommunane på Vestlandet:

Kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte om planane for samlinga med dei andre kontrollutvala i fylkeskommunane på Vestlandet, som skal haldast i Flåm 22. – 23.6.15. Program vert send ut til kontrollutvalet innan kort tid.

Planlegging av møtet i kontrollutvalet i august 2015:

Sekretariatet la fram ei skisse til program for to-dagars møtet som skal haldast i Bergen og Os 24. – 25.8.15. Kontrollutvalet slutta seg til skissa og ba sekretariatet arbeidet vidare med planlegginga.

Status forvaltningsrevisjon samhandling på vegområdet:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i samband med handsaming av referatsak RS 3/15

«Forvaltningsrevisjon av samhandling på vegområdet – Status pr. november 2014» i møte 16.2.15:

«Kontrollutvalet registrerer at det er sett i gang fleire positive prosessar for å følgje opp fylkestinget sitt vedtak, men at ferdigstilling for nokre vil skje i løpet av første kvartal 2015 og i løpet av første halvår 2015. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg status på området innan 17.4.15. I denne tilbakemeldinga er det ønskeleg med meir konkrete fristar for gjennomføring av tiltaka, jf. vedtak i fylkestinget 12.12.12 punkt 6.»

Kontrollutvalet har til no ikkje motteke skriftleg status i tråd med vedtaket over. Det viste seg også ved forrige rapportering at svar vart motteke 5.1.15, lenge etter den fastsette fristen som var 17.11.14.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om at statusrapport med frist 17.4.15 vert levert snarast. I tillegg vert fylkesrådmannen bede om å komme i møte 17.6.15 for å presentere statusrapporten og å orientere om kvifor ikkje statusrapportar frå samferdselsavdelinga vert levert innan fastsette fristar.